

NEMUS NATTCUP 2024

TURNERINGSREGLAR

TURNERINGSREGLAR:

Kampane blir spelte i Bømløhallen med start fredag kl 18:00 – 03:00. Deretter er det pause fram til laurdag kl 11:00. Då startar sluttspølet kl.12.00 og går fram til kl 17:30. Merk at tidene kan endre seg grunna antall påmeldte lag.

DISPENSASJON

Det vil ikkje bli gitt dispensasjon for spelarar som er fødde etter 2008 i herreavdeling! Lagleiarane må sjølv sørge for at dette blir følgd opp.

SPELETID

Dei innleiande og sluttspillkamper utanom finale kampane: 1x 13 minutt. Finaler: 2x13 min m/3 min. pause.

PREMIERING

Spelarane på finalelaga blir premierte.

POENGSYSTEM

Seier: 3 poeng Uavgjort: 1 poeng Tap: 0 poeng

TIL SLUTTSPØL

1. **Menn:** Sluttspølet vert satt opp når ein veit antall lag
2. **Kvinner:** Sluttspølet vert satt opp når ein veit antall lag
3. poeng
4. pluss mål
5. mest scora mål
6. innbyrdes oppgjør

SLUTTSPØLET

Alle kampar utanom finalane: Er resultatet uavgjort etter full tid, blir det straffesparkkonkurranse der eitt og eitt straffespark tel. Heimelag startar.

FINALANE

Er resultatet uavgjort etter full tid, blir det forlengd speletid i maks 5 min. med «sudden death». Er det framleis uavgjort blir det straffesparkkonkurranse der eitt og eitt straffespark tel.

SPELARLISTE

Legges inn i påmeldinga i Cup Manager.

FRAMMØTE TIL KAMP

Laga må retta seg etter klokka i hallen. Er ikkje eit lag klar til kamp innan 2 min etter klokkeslett for kampstart, taper laget kampen 0-3 på walkover.

PROTESTAR

Protestar må leverast sekretariatet skriftleg seinast 15 min etter at kampen som protesten gjeld, er slutt. Protestgebyr er kr 200,-. Ved medhald i protesten får ein gebyret tilbakebetalt.

JURY

Ein jury vil behandla protestar og eventuelle andre saker som kan dukka opp (t.d. straffesaker ovanfor utviste spelarar). Juryen sin dom er endeleg og kan ikkje ankast.

KAMPSTART

Laget som står oppført **først** i kampoppsettet:

- Startar kampen på banehalvdelen lengst borte frå speakerbua (sjå heimelag - bortelag på tidtakartavla).
- Har avspark.
- Må skifta trøyer/bruka vestar ved likdraktfarge.

SPELARBEVIS

!!! Viktig !!!

Spelarane må melda seg i billettstasjonen i foajeen. Spelarane vil då få utlevert armband til spelarane. Desse skal festast på armen for å vera gyldig.

SPELEREGLAR

TIDTAKING

Sekretariatet i samarbeid med domar. Sirene ved kampslutt.

MÅL:

3x2 m. (Håndballmål)

OPPMERKING

Vanlege handball-linjer. Ingen hjørneflagg. Ved den ein langveggen (ved tribunen) er det ei innbytesone totalt 6 m lang. Alle innbyta skal skje i denne sona.

MÅLFELT/STRAFFESPARKFELT

Feltet innanfor den heiltrokne handball-linja (6-meter streken).

BALL

Futsalball nr 4

ANTALL SPELARAR

Kvart lag kan telja maks 8 spelarar

4 spelarar + keeper på banen samtidig. Det blir ikkje gitt dispensasjon for bruk av fleire enn 8 spelarar pr lag.

INNBYTE

Innbyta kan skje når som helst under spelets gong. Unntak for keeper som berre kan bytast når det er stopp i spelet. Alle innbyta skal skje i innbytesona. Ny spelar kan ikkje koma inn før den som skal bytast ut, har passert sidelinja i innbytesona.

FOTTØY

Det skal ikkje nyttast fottøy som set merke eller skadar underlaget.

LEGGSKINN

Alle spelarane skal bruka leggskin. Spelarar som ikkje har leggskin, skal visast bort frå banen av domar. Klokke, smykke er ikkje tillate i kamp.

TRØYER

Spelarane på eitt lag må stilla i trøyer med same farge. Unntak: Keeper.

KAMPSTART

Laget som er oppført som «heimelag» har avspark. Motstandar må vera minst 3 m frå ballen.

FRISPARK

Motstandar skal vera minst 5 m frå ballen ved frispark. Blir det dømt indirekte frispark innanfor straffesparkfeltet, skal frisparket bli tatt frå nærmaste punkt på 6-meter linja.

STRAFFESPARK

Straffesparkmerket er på 7-meter linja.

Straffespark blir idømt ved brot på spelereglane innanfor 6-meter linja (ved feil som tilsvarar direkte frispark).

INNKAST = INNSPARK

Innkast blir erstatta med innspark. Ballen skal liggja i ro på linja. Motspelar må vera minst 5 m frå ballen. Brukast meir enn 4 sek på å ta eit innspark går innsparket over til motstander.

MÅLSPARK

Målspark blir erstatta med målkast.

Keeper må:

- Stå innanfor straffesparkfeltet
- Ikkje kasta lenger enn til midtlinja, ein mot - eller medspelar må vera i ballen før han passerer midtlinja.

STRAFF:

- Målkast over midtlinja medfører indirekte frispark frå midtlinja
- Ballen er ikkje i spel før han har passert 6-meter linja. Er med – eller motspelar i ballen før han har passert denne linja, skal målkastet takast på nytt.

UTSPEL FRÅ KEEPER

Keeper har ikkje lov til å kasta over midten utan at med- eller motspelar har vore i ballen viss det har vore dødball. Ved redning av keeper, kan han fortsatt ikkje kasta ball over midten, men målmann kan leggja ballen ned å sparka/føra denne over midten slik ein utespelar gjer.

HJØRNESPARK

Blir tatt frå den staden der side- og kortlinja møtest. Motspelarar må vera minst 5 m frå ballen.

BALLEN I OG UTE AV SPEL

Ballen er ute av spel når han treff taket. Det skal då dømmast indirekte frispark til motstanderen under treffpunkt.

AVSPARK

Frå midtlinja både ved kampstart og etter scoring.

OFFSIDE

Offsidereglane blir ikkje brukte.

DIREKTE FRISPARK

I tillegg til dei vanlege reglane skal det også dømmast direkte frispark om ein spelar

- a) angrip ein motspelar med skuldra
- b) foretar ein glidetaking for å nå ballen enten han treff motspelar eller ikkje

INDIREKTE FRISPARK

Skal dømmast etter dei vanlege reglane bortsett frå at angrep med skuldra medfører direkte frispark. Når ballen treff taket skal det dømmast indirekte frispark til motstandar.

ADVARSEL (GULT KORT)

Gult kort er lik 2 min. utvisning. Forseelse som fører til 2min utvisning er blant anna:

-Viss ein spelar touchar ballen etter at det har blitt dømt mot laget, så er det straks 2min ut. Dette gjeld på frispark, innkast og viss spelar stiller seg framfor ball. Alt som hindrar angrepslag i å setja i gong hurtig.

-Ved trøyeholding på motspelar på vei fram i banen. Hindre lag i å angripe hurtig eller ta ein god overgang, så er det 2 min ut. Dette kan og vera hindring av spelar på vei fram, som ikkje er ballfører.

FEIL INNBYTTE

Innbytar som kjem inn på banen før den andre spelaren er utanfor sidelinja, og innbytar dersom han kjem inn på banen utanfor sona straffes med 2 min. utvisning.

UTVISNING (RØDT KORT)

Dei vanlege reglane.

Ein utvist spelar må stå over resten av kampen og den neste kampen laget hans skal spela. Juryen har mandat til å gi fleire kampar karantene ved grove brot på reglane. Etter ein utvisning må laget spela med ein spelar mindre på banen i 4 min. Tida blir rekna ifrå det tidspunktet spelet blir sett igong etter utvisninga. Spelaren som skal koma inn, kan berre koma inn etter teikn frå domaren.

KAFETERIA

Kafeteriaen i hallen er open under heile turneringa.

RUSFRITT ARRANGEMENT

Nemus Nattcup er eit rusfritt arrangement. Rusa personar vil bli bortviste. Er det deltakarar som bryt desse forboda, kan spelarar/lag bli utelukka frå turneringa!

SPØRSMÅL

Spørsmål kan rettast til sekretariatet i speakerbua.

BREMNES IL YNSKJER ALLE LAGA VELKOMEN 🤝

**HÅPAR AT ALLE SET DET
SPORTSLEGE I HØGSETET!!**